



Vestland Fylkeskommune
Sandsliahaugen 30
5254 SANDSLI

Trondheim, 03.05.2021

Dykkar ref.:
21S1177C
Jorunn-Elisabeth Stavø

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/2672
21011101

Sakshandsamar:
Marit Kathrine Hepsø

Tilskot til - Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland

Takk for søknaden frå 15.02.2021 med referansenummer 21S1177C om tilskot på kr 1 554 000. Vi har behandla søknaden og gir med dette eit tilskot på kr 1 000 000. Tilskotet blir utbetalt når de har rapportert i tråd med krava under. Tiltaket som får tilskot er "Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland".

Grunngivinga for vedtaket er:

Ved å stille krav til klimaløysingar i innkjøp kan kommunane bidra til utsleppskutt og omstilling til lågutsleppssamfunnet i marknaden.

Vestland fylkeskommune har søkt om støtte til å tilsette ein prosjektmedarbeidar i 2 år for å jobbe med å implementere og etterleve klima og miljøkrav i anskaffingar for heile fylkesvegsløpet i løpet av perioden 2021-2023. Utbygging, drift og vedlikehald av vegnettet utgjør store utslepp nasjonalt og regionalt i Vestland. Prosjektmedarbeidaren vil jobbe med å implementere klimatiltak på anleggsplassen (mellom anna frå Klimakur), samt jobbe med å sette krav til meir klimavennlege materialar. Det er forventa investeringar på fylkesvegprosjekt på 3,5 milliardar for perioden 2021-2023, og like mykje i drift og vedlikehald. Det vert lagt opp til at prosjektet skal ta initiativ til eit samarbeid med andre fylkeskommunar, Nye Veier og Statens vegvesen, samt god marknadssdialog.

Midla skal nyttast til prosjektmedarbeidar 2 årsverk, kurs og møtevirksomhet, kommunikasjon web og markedsføring, reiser og samarbeid/møter med andre veigeigarar, samt prosjektgruppe internt klimaarbeid.

Miljødirektoratet vurderer at tiltaket kan vera positivt for å auka kompetansen om og gjennomføringa av klimavennlige innkjøp i vegsektoren i fylket. Miljødirektoratet støttar tiltaket.

Fylkeskommunen får og støtte til eit forprosjekt om "Lågutsleppsfylkesvegbygging og drifting". Vi ber om at de ser dei to prosjekta i samanheng.

STØTTESUM OG VILKÅR

Støtta dekker inntil 75% av kostnadene kommunen har ved prosjektet, avgrensa til 1 000 000 kr.

Støtta med tilhøyrande eigeninnsats skal i sin heilskap nyttast til å auka klimaomsynet og dermed redusera klimagassutsleppa/klimafotavtrykket av innkjøp. Midla skal altså ikkje nyttast til generell kompetanseheving om innkjøp, eller generell planlegging og gjennomføring av innkjøp. Det skal dokumenterast korleis innsatsen konkret har ført til meir klimavenlege innkjøp enn det som ville skjedd utan støtta.

Fylkeskommunene skal rapportere årleg frå prosjektet, på antal innkjøp der det er stilt krav, kva krav som har vorte stilte, oppnådd klimaeffekt og erfaringar med meirkostnader. Vi ber òg om at fylkeskommunen rapporterer om kva som blir gjort for å sikra at rutinar og kompetanse som blir utarbeidd i prosjektet blir institusjonalisert i kommunane som deltar, spesielt på leiarnivå og i rutinar og system.

Fylkeskommunen må nytte midla i tråd med relevant regelverk, inkludert regelverket om offentlege innkjøp.

FØRESET AT DE DELTAR PÅ OPPSTARTSMØTE

For å sikre at kommunane/fylkeskommunane er godt kjente med kompetansetilbodet som finst på klimavenlege innkjøp, er det ein føresetnad for tilsagnet at de deltar på eit oppstartsmøte på nett i regi av DFØ (Direktoratet for forvaltning og økonomistyring). DFØ er statens fagorgan på offentlege innkjøp. På møtet vil de få ei innføring i konkrete verktøy, rettleiing og kompetansetilbod, godt høve til å stilla spørsmål via chat, og tilbod om vidare oppfølging tilpassa deira prosjekt. Sett av datoen: 7. september 2021 kl 10.00-11.30. Lenke til møtet vil komme på epost.

Kommunar som får støtte til klimavenlege innkjøp skal gi DFØ moglegheit til å kopla seg på prosjekta sine, og pliktar å bidra til spreining av erfaring og kunnskap gjennom Miljødirektoratet og DFØ sine nettverk. Vi føreset at kommunen nyttar DFØ si rettleiing og tenester i størst mogleg grad. Desse finst på www.anskaffelser.no

RETTLEIING

Leverandørutviklingsprogrammet kan bistå med mellom anna marknadssdialog, og har aktivitet knytta til klimakrav i vegbygging/infrastruktur. Vi oppfordrar til å ta kontakt med programmet. Kontaktinfo finn de på nettsida <https://innovativeanskaffelser.no/>

Klimasats har støtta liknande prosjekt tidligare, som de evt. kan kontakte for å utveksle erfaring:

Vestfold og Telemark fylkeskommune: Fikk støtte i 2020 til "Reduserte klimagassutslipp fra vegbygging" Kontaktperson er Helene Nødtvedt Røed, helene.nodtvedt.roed@vtfk.no

Oslo kommune Bymiljøetaten fikk i 2020 støtte til "Overgang til nullutslipp drift og vedlikehold", kontaktperson er Maja Cimmerbeck, maja.cimmerbeck@bym.oslo.kommue.no

AKSEPT

Frist for å akseptere tilbodet er 1. september 2021. Tilbodet blir akseptert i søknadssenteret.

RAPPORTERING OG UTBETALING

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Det er mogleg å leggja inn rapport så snart rekneskapen er klart, sjølv om dette er før rapporteringsfristen. Rettleiing til rapportering finst på www.miljodirektoratet.no.

Utbetaling skjer etter gjennomføring, på grunnlag av innsende rapportar og stadfesta rekneskap.

KRAV TIL REKNESKAP

Rekneskapet skal være stadfesta av økonomisjef/rekneskapsansvarleg. For tilskot på ein million eller meir skal sluttrekneskapen vere stadfesta av revisor.

Rekneskapen må vise tydeleg kva dei ulike delane av klimatiltaket har kosta. Meirverdiavgift skal vere spesifisert. Dersom kommunens egne arbeidstimar inngår som del av klimaprojektet skal det for kvar enkelt person førast opp timetal, timesats og namn på tilsett. Detaljerte timelister og fakturaer skal ikkje sendast inn til Miljødirektoratet, men kommunen må ha dette som underlagsdokument for rekneskapen. Kommunens eigen arbeidstid kan godskrivas med inntil kr 600 per time.

Lykke til med arbeidet!

BAKGRUNN OM KLIMASATS

Miljødirektoratet fekk 331 søknader til tilskotsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i februar 2021. Kommunar og fylkeskommunar har søkt om i overkant av 321 millionar kroner. Det er sett av 100 millionar i statsbudsjettet for 2021. Dette betyr at fleire klimatiltak ikkje får støtte, og at enkelte får mindre enn omsøkt. Formålet med ordninga er å bidra til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med tildelingskriteria og prioriteringskriteria.

Miljødirektoratet mottok om lag 18 søknader på til saman 29 millionar kroner om systematisk arbeid med klimakrav i anskaffelser. Les meir om Klimasats på miljodirektoratet.no/klimasats.

Vi stiller følgande krav til rapportering:

Leveranse	Beskriving	Frist
Delrapport	Delrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet så langt.	01.02.2022
Delrapport	Delrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet så langt. Rekneskap stadfesta av økonomisjef el.	01.02.2023
Sluttrapport	Sluttrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet. Sluttrekneskap stadfesta av revisor	01.02.2024

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter.

Tilsegna er gyldig til 01.07.2024. Tilsegna fell bort, dersom de ikkje overheld rapporteringskrava.

Utbetalingsplan:

Dato	Beskriving	Beløp
202304	Delutbetaling av tilskot	500 000
202404	Sluttutbetaling av tilskot	500 000

Gi oss straks beskjed, dersom føresetnadane for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller med omsyn til framdrifta).

Viktig å vite

Ver merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotet er brukt i samsvar med føresetnadane. Ver også merksam på at vi heilt eller delvis kan krevje at du/de betaler tilbake tilskotet dersom midlane ikkje er brukte i tråd med føresetnadane, eller at føresetnadane fell bort.

Hugs å oppbevare rekneskapsvedlegg knytt til gjennomføringa av tiltaket i tråd med generelle reglar om oppbevaring av vedlegg i bokføringsloven.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend.

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Marit Kathrine Hepsø
saksbehandler

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
SFVL [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)